



## *Til medlemmar med forretningsrekneskap*

### *Årsoppgjer 2013*

Tida for eit nytt årsoppgjer nærmar seg raskt og vi vil minne om ein del som av erfaring lett vert gløymt.

For å kunne halde innleveringsfristane er vi avhengige av at de leverer bilaga innan våre fristar. Ver nøye med å levere alle bilaga til rett tid, og pass på at de også signerer og leverer vedlagt erklæring.

### *Fristar for bilagslevering*

## **9. januar**

Lønsbilag:                      Timelister  
  Telefonrekningar  
  Reiserekningar  
  Anna som skal lønsmeldast  
Bilag og signert erklæring  
Bilag du får etter 9. januar, vil vi ha levert fortløpande.

Dato for innlevering av erklæringa og siste bilag vil bli avgjerande for rekkefølga for avslutning av rekneskapet. For dei som leverer alt til rett tid blir det vårt ansvar om vi ikkje greier leveringsfristen som skattekontora har sett. Leverer de for seint er det dykkar ansvar.

### *Vareteljing 31.12*

Skattemyndigheitene set strenge krav til varetelling og bruk av godkjende lister. Vi har laga ei vareteljingsliste som er godkjent som de kan få her på kontoret. Alle varer må teljast, ukurante varer skal fysisk fjernast frå lager (kastast).

#### **Vareteljingslistene skal innehalde:**

- Nummererte lister
- Dato for oppteljing
- Alle varer på lager
- Varer under arbeid
- Signatur av den som tel

### *10.000,- grense. (påminning)*

Frå 1/1 2011 vart det innført eit krav om at all betaling for varer og tenester på over kr 10 000,- ikkje kan gjerast kontant, men må skje over bank (kort, giro eller nettbank). Dette er eit krav for at kjøp av varer/tenester og løn skal gje frådragsrett og gjeld både meirverdiavgift og skatt. Om ein betaler kontant vil ein i tillegg bli ansvarleg for skatten til seljaren dersom han ikkje gjev opp denne inntekta i sjølvmeldinga. Vil også minne på formelle krav til faktura:

Dokumentasjon av salg av varer og tjenester skal minst inneholde:



# STRYN REKNESKAPSLAG

Autorisert rekneskapsførarselskap

- nummer og dato for utstedelse av faktura
- angivelse av partene (seljar og kjøpar)
- ytelsens art og omfang
- tidspunkt og sted for levering av ytelsen
- Organisasjonsnr til selgar med bokstavane MVA etter org nr. AS må i tillegg ha betegnelsen Føretaksregister i samband med org nr.

## ***Kundekrav forelda etter 3 år***

Vi minner om at kundekrav og andre krav forfell etter tre år. Det er ikkje nok å purre for at kravet ikkje skal bli forelda. Kravet må sendast til rettsleg handsaming for å vere gjeldande

## ***Samtalepartner innan økonomi og skatt***

Det er tider då alle treng ein stad/ein person å henvende seg til når det gjeld økonomiske spørsmål. Det kan vere i nedgangstider eller under planlegging av store investeringar. Som din rekneskapsførar har vi god informasjon om di verksemd og kan bidra med råd innan investeringar/likviditet, budsjett, kostnadsvurderingar og skattespørsmål. Ofte er det stor hjelp berre det å få ”lufte” nye idear og få sette nokre tal ”på papiret”. Minner om at vi har taushetsplikt.

Har de spørsmål til noko av det som står i dette julebrevet så ta kontakt med din rekneskapsførar.

## ***Telefonnummer***

### **Telefonliste:**

|                   |             |  |
|-------------------|-------------|--|
| Sentralbord       | 57 20 34 00 | <a href="mailto:post@strynrekneskap.no">post@strynrekneskap.no</a>         |
| Siv Lindvik       | 57 20 34 00 | <a href="mailto:lindvik@strynrekneskap.no">lindvik@strynrekneskap.no</a>   |
| Erik Ivar Ulvedal | 57 20 34 02 | <a href="mailto:ulvedal@strynrekneskap.no">ulvedal@strynrekneskap.no</a>   |
| Idar Skogli       | 57 20 34 03 | <a href="mailto:idar@strynrekneskap.no">idar@strynrekneskap.no</a>         |
| Sonja Bratland    | 57 20 34 04 | <a href="mailto:sonja@strynrekneskap.no">sonja@strynrekneskap.no</a>       |
| Elin Flore        | 57 20 34 05 | <a href="mailto:elin@strynrekneskap.no">elin@strynrekneskap.no</a>         |
| Jorunn B. Roset   | 57 20 34 06 | <a href="mailto:roset@strynrekneskap.no">roset@strynrekneskap.no</a>       |
| Alvhild Tenden    | 57 20 34 07 | <a href="mailto:tenden@strynrekneskap.no">tenden@strynrekneskap.no</a>     |
| Bjørn Rørtveit    | 57 20 34 08 | <a href="mailto:rortveit@strynrekneskap.no">rortveit@strynrekneskap.no</a> |
| Johan Berge       | 57 20 34 09 | <a href="mailto:berge@strynrekneskap.no">berge@strynrekneskap.no</a>       |
| Per Jakob Tunold  | 57 20 34 11 | <a href="mailto:tunold@strynrekneskap.no">tunold@strynrekneskap.no</a>     |
| Roar Alsaker      | 90 50 47 19 | <a href="mailto:alsaker@strynrekneskap.no">alsaker@strynrekneskap.no</a>   |

**Så vil vi alle ønskje deg og din familie ei riktig god jul og eit godt nytt år!**

Med vennleg helsing